

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU) nr. 283/2014

2019/EØS/13/66

av 11. mars 2014

om retningslinjer for transeuropeiske nett på området telekommunikasjonsinfrastruktur og om oppheving av vedtak nr. 1336/97/EF(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 172,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegner frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegner frå Regionutvalet⁽²⁾,

etter den ordinære regelverksprosedyren⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Telenett og teletenester vert i stadig større grad internettbaserte infrastrukturar, der breibandsnett og digitale tenester er knytte tett saman. Internett er i ferd med å verte den viktigaste plattformen for kommunikasjon, tenester, utdanning, deltaking i det sosiale og politiske livet, kulturinnhald og forretningsverksemd. Difor er det avgjerande for sosial og økonomisk vekst, konkurransevne, sosial integrasjon og den indre marknaden at heile Europa har sikker, omfattande og snøgg tilgang til internett og til digitale tenester av allmenn interesse.
- 2) Det europeiske rådet uttrykte 17. juni 2010 si støtte til kommisjonsmeldinga av 26. august 2010 om ein digital dagsorden for Europa, som tek sikte på å utarbeide ein plan for korleis det sosiale og økonomiske potensialet innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi i

størst mogleg grad kan utnyttast. Føremålet med meldinga er å fremje tilbod av og etterspurnad etter konkurransedyktige infrastrukturar for høgfarternett og internettbaserte digitale tenester med sikte på å realisere ein reell digital indre marknad, noko som er avgjerande for å få ein smart, berekraftig og inkluderande vekst.

- 3) I europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1316/2013⁽⁴⁾ er det fastsett vilkår, metodar og framgangsmåtar for at transeuropeiske nett innanfor sektorane for transport-, telekommunikasjons- og energiinfrastruktur skal få finansiell støtte frå Unionen. Ettersom det langt på veg finst liknande utfordringar og forventingar i dei sektorane som er omfatta av Ordninga for eit samankopla Europa (CEF – *Connecting Europe Facility*), er det godt mogleg å utnytte synergieffektar, mellom anna ved å kombinere finansiering frå CEF med finansiering frå andre kjelder.
- 4) Det finst alt svært mange tverrnasjonale digitale tenester for informasjonsutveksling mellom europeiske offentlege forvaltningar til støtte for unionspolitikken. Når nye løysingar vert lanserte, er det viktig å byggje vidare på dei løysingane som alt finst og er gjennomførte i samband med andre europeiske initiativ, unngå dobbeltarbeid og sikre samordning og tilpassing av metodar og løysingar på tvers av initiativ og politiske strategiar, som til dømes ISA-programmet, som vart fastsett ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 922/2009/EF⁽⁵⁾, Fiscalis-programmet, som vart fastsett ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1286/2013⁽⁶⁾ og Horisont 2020, som vart fastsett ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1291/2013⁽⁷⁾. Likeins er det viktig at løysingane er i samsvar med gjeldande internasjonale og/eller europeiske standardar eller med opne spesifikasjonar for

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 86 av 21.3.2014, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 244/2014 av 24. oktober 2014 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 3.9.2015, s. 50.

(1) Fråsegn av 22. februar 2012 (TEU C 143 av 22.5.2012, s. 120) og fråsegn av 16. oktober 2013 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

(2) TEU C 225 av 27.7.2012, s. 211 og TEU C 356 av 5.12.2013, s. 116.

(3) Haldning frå Europaparlamentet av 26. februar 2014 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 11. mars 2014.

(4) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1316/2013 av 11. desember 2013 om etablering av Ordningen for et sammenkoplet Europa, om endring av forordning (EU) nr. 913/2010 og om oppheving av forordning (EF) nr. 680/2007 og (EF) nr. 67/2010 (TEU L 348 av 20.12.2013, s. 129).

(5) Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 922/2009/EF av 16. september 2009 om samvernadsløysingar for europeiske offentlege forvaltningar (ISA) (TEU L 260 av 3.10.2009, s. 20).

(6) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1286/2013 av 11. desember 2013 om skiping av eit handlingsprogram for å betre gjennomføringa av avgiftssystema i Den europeiske unionen for tidsrommet 2014–2020 (Fiscalis 2020) og om oppheving av vedtak nr. 1482/2007/EF (TEU L 347 av 20.12.2013, s. 25).

(7) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1291/2013 av 11. desember 2013 om opprettelse av Horisont 2020 – ramme-programmet for forskning og innovasjon (2014-2020) og om oppheving av beslutning nr. 1982/2006/EF (TEU L 347 av 20.12.2013, s. 104).

- samverknadsevne, særleg dei som er fastsette av Kommisjonen i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1025/2012⁽¹⁾, og andre relevante spesifikasjonar og retningslinjer, til dømes den europeiske ramma for samverknadsevne for europeiske offentlege tenester (EIF).
- 5) Europeiske tekniske standardar er viktige for å utvikle høgfartsbreibandnett. Dersom Unionen skal spele ei sentral rolle i telekommunikasjonssektoren, må det satsast på forskings- og utviklingsprogram i Unionen og auka overvaking av standardiseringsprosedyrar.
- 6) I omfattande forsøksprosjekt som er utførte mellom medlemsstatane og samfinansierte gjennom programmet for konkurranseevne og nyskaping⁽²⁾, til dømes PEP-POL, STORK, epSOS, eCODEX og SPOCS, er viktige tverrnasjonale digitale tenester i den indre marknaden, basert på felles byggjeklossar, som no er vortne validerte og vert styrkte gjennom eSENS-prosjektet. Arbeidet med desse forsøksprosjekta er kome så langt at dei kan innførast alt no eller om kort tid. Eksisterande prosjekt av felles interesse har alt synt at innsatsen på europeisk plan har ein klar tilleggsverdi, til dømes på områda kulturarv (Europeana), vern av barn (sikrere internett) og sosial tryggleik (EESSI), samstundes som det er gjort framlegg om andre prosjekt, mellom anna på området forbrukarvern (NT).
- 7) Når det gjeld infrastruktur for digitale tenester, bør byggjeklossane prioriterast høgare enn andre infrastruktur for digitale tenester, ettersom dei er ein føresetnad for dei sistnemnde. Infrastruktur for digitale tenester bør mellom anna skape ein europeisk tilleggsverdi og oppfylle dokumenterte behov. Dei bør vere tilstrekkeleg utvikla, teknisk så vel som driftsmessig, til å kunne innførast, noko som bør vere stadfesta særleg gjennom vellukka forsøksprosjekt. Dei bør byggje på ein konkret plan om berekraftig utvikling for å sikre drifta av kjernetenestepattformar, både på mellomlang og lang sikt, òg utover perioden med finansiering frå CEF. Difor bør difor finansiell støtte i medhald av denne forordninga avviklast over tid, der dette er mogleg, og finansieringa bør mobiliserast frå andre kjelder enn CEF der det er føremålstenleg.
- 8) Det er viktig å sikre finansiering av infrastruktur for digitale tenester som er naudsynte for å oppfylle rettslege plikter i medhald av unionsretten, og/eller som utviklar eller distribuerer byggjeklossar og potensielt har stor innverknad på utviklinga av felleseuropeiske offentlege tenester, slik at fleire infrastruktur for digitale tenester vert støtta, og slik at det over tid vert bygd opp eit europeisk økosystem for samverknadsevne. I denne samanhengen tyder rettslege plikter spesifikke føresegner som krev anten utvikling eller bruk av infrastruktur for digitale tenester, eller som krev resultat som berre kan oppnåast gjennom europeiske infrastruktur for digitale tenester.
- 9) Europeana og sikrere internett for barn er etablerte infrastruktur for digitale tenester, og bør prioriterast med tanke på finansiering. Særleg er det viktig å sikre kontinuitet i EU-finansieringa av CEF frå andre EU-program dei første åra av den fleirårige finansielle ramma for tidsrommet 2014–2020, slik det er fastsett i rådsforordning (EU, Euratom) nr. 1311/2013⁽³⁾, slik at tenestene kan leverast utan avbrot på det nivået som er fastsett i den noverande finansieringsordninga. Den 10. mai 2012 peika Rådet på kor viktig det er å sikre at Europeana er berekraftig på lang sikt, mellom anna med omsyn til styring og finansiering⁽⁴⁾.
- 10) Barn og ungdom bør sikrast eit trygt, inkluderande og positivt internettmiljø. Som eit viktig ledd i arbeidet med å verne og fremje rettane til barn i denne samanhengen, bør det sytast for at programmet for eit sikrere internett vert vidareført etter 2014. Som ein del av gjennomføringa av denne forordninga bør det gjevast finansiell støtte til å gjennomføre ein europeisk strategi for eit betre internett for barn, både på unionsplan og i medlemsstatane, særleg når det gjeld sentera for sikrere internett (SIC – *Safer Internet Centre*) i medlemsstatane. Tenestene ved desse sentera, medrekna opplysningsarbeid og andre haldningsskapande tiltak, kontaktpunkt for barn, foreldre og omsorgspersonar som treng råd om korleis barn kan nytte internett på ein trygg måte, og tipslinjer for rapportering av innhald som omfattar seksuelt misbruk av barn på internett, er ein viktig del av strategien og ein føresetnad for at han skal lukkast.
- 11) Ei framtidig EU-rettsakt om elektronisk identifikasjon og tillitstenester for elektroniske transaksjonar på den indre marknaden skal innehalde detaljerte krav og vilkår for innbyrdes godkjenning av dei grunnleggjande funksjonane, heretter kalla «byggjeklossar», i infrastrukturane for digitale tenester. Ei slik rettsakt kjem til å omfatte fleire av dei viktigaste byggjeklossane, til dømes elektronisk identifikasjon og elektronisk signatur, som ein del av dei prosjekta av felles interesse som er oppførte i vedlegget til denne forordninga.
-
- ⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1025/2012 av 25. oktober 2012 om europeisk standardisering og om endring av rådsdirektiv 89/686/EØF og 93/15/EØF samt europaparlaments- og rådsdirektiv 94/9/EF, 94/25/EF, 95/16/EF, 97/23/EF, 98/34/EF, 2004/22/EF, 2007/23/EF, 2009/23/EF og 2009/105/EF og om oppheving av rådsvedtak 87/95/EØF og europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1673/2006/EF (TEU L 316 av 14.11.2012, s. 12).
- ⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1639/2006/EF av 24. oktober 2006 om opprettelse av et rammeprogram for konkurranseevne og nyskaping (2007-2013) (TEU L 310 av 9.11.2006, s. 15).
- ⁽³⁾ Rådsforordning (EU, Euratom) nr. 1311/2013 av 2. desember 2013 om fastsettelse av den flerårige finansielle rammen for tidsrommet 2014-20 (TEU L 347 av 20.12.2013, s. 884).
- ⁽⁴⁾ TEU C 169 av 15.6.2012, s. 5.

- 12) Infrastruktur for digitale tenester som vart innførte i samsvar med avgjerd nr. 922/2009/EF, vil lette den elektroniske samhandlinga mellom europeiske offentlege forvaltningar, både over landegrensene og på tvers av sektorar. Dermed vert det mogleg å tilby viktige tenester, mellom anna innanfor elektronisk identifikasjon og autentisering og elektroniske innkjøp, samankopling av føretaksregister over landegrensene, samverkande elektroniske helsetenester over landegrensene og tverrnasjonalt samarbeid om digital tryggleik, noko som støttar den digitale indre marknaden. Ei slik samhandling mellom forvaltningar vil verte mogleg ved å utarbeide og/eller vidareutvikle samverkande kjerne-tenesteplattformer som byggjer på eksisterande felles byggjeklossar, og/eller som skaffar fram fleire byggjeklossar som er avgjerande for å utvikle andre kjerne-tenesteplattformer, i tillegg til andre tilhøyrande allmenne tenester som knyter saman nasjonale infrastruktur og kjernetenesteplattformer, slik at digitale tenester kan nyttast på tvers av landegrensene.
- 13) Medlemsstatane bør oppmuntre lokale og regionale styresmakter til å medverke aktivt og effektivt i styringa av infrastruktur for digitale tenester, og sikre at det vert teke omsyn til EIF-tilrådingane i samband med prosjekt av felles interesse som gjeld yting av elektroniske offentlege tenester på tvers av landegrensene.
- 14) I resolusjonen sin av 6. juli 2011 om europeisk breiband og investeringar i digitalbasert vekst⁽¹⁾ la Europaparlamentet vekt på at breibandstenester er viktige for konkurranseevna til industrien i Unionen og sterkt medverkande til økonomisk vekst, sosial utjamning og sysselsetjing av høg kvalitet i Unionen. Investering i ny og framtidssikker teknologi er avgjerande dersom Unionen skal kunne vere eit senter for nyskaping, kunnskap og tenester.
- 15) Ein europeisk marknad der nesten 500 millionar menneske har tilgang til høgfarbreiband vil vere banebrytande for utviklinga av den indre marknaden, og vil skape ein kritisk brukarmasse som er unik i verds-samanheng, og som vil gje alle regionane nye framtids-utsikter og ein større verdi for kvar einskild brukar, i tillegg til å gjere Unionen til ein av dei mest kunnskaps-baserte økonomiane i verda. Ei snøgg utbygging av høgfarbreibandsnett er avgjerande for produktivitets-utviklinga i Unionen og for framveksten av nye og små føretak som kan få ein viktig posisjon i ulike sektorar, til dømes innanfor helsetenester, produksjon og teneste-sektoren.
- 16) Det faktum at infrastrukturen gjev nye framtidsutsikter, kombinert med nye, nyskapande og samverkande tenester, bør kunne skape ei positiv utvikling ved å stimulere til auka etterspurnad etter høgfarbreiband, noko som òg bør vere av kommersiell interesse.
- 17) I følgje den digitale dagsordenen for Europa bør alle europearar innan 2020 ha internettilgang med ein fart på over 30 Mbps, og minst 50 prosent av europeiske hushald bør abonnere på internettilkoplingar på over 100 Mbps.
- 18) Med tanke på både den snøgge utviklinga av digitale tenester og brukarprogram som krev stadig betre internettilkopling, og den snøgge utviklinga av ny teknologi som gjer dette mogleg, bør det vurderast om det er føremålstenleg å sjå nærmare på breibandsmåla for 2020, som eit ledd i ei evaluering av den digitale dagsordenen for Europa, for såleis å sikre at Unionen har ein like god breibandsteknologi som andre økonomiar i verda.
- 19) Det bør stillast meir ambisiøse krav til høgare fart i nokre av breibandsprosjekta, som såleis kan tene som forsøksprosjekt for snøggare tilkopling og som modellar som lèt seg reproducere.
- 20) I resolusjonen sin av 12. september 2013 om den digitale dagsordenen for vekst, mobilitet og sysselsetjing la Europaparlamentet vekt på at eit revidert og framtidsretta mål for ein digital dagsorden for Europa vil vere at alle hushald i Unionen har ei breiband-tilkopling på 100 Mbps innan 2020, og at 50 prosent av hushalda abonnerer på 1 Gbps eller meir.
- 21) Den private sektoren bør ha ei viktig rolle i arbeidet med å distribuere og modernisere breibandsnett, og bør støttast med konkurransedyktige og investerings-vennlege rammereglar. Dersom det er mangel på private investeringar, bør medlemsstatane gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å nå måla for den digitale dags-ordenen for Europa. Den offentlege finansielle støtta til breiband bør avgrensast til program eller initiativ som er retta mot prosjekt som ikkje kan finansierast eine og åleine av den private sektoren, noko som vert stadfesta i ei førehandsvurdering som påviser marknadssvikt eller ugunstige investeringstilhøve, i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 966/2012⁽²⁾.

(¹) TEU C 33 E av 5.2.2013, s. 89.

(²) Europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 966/2012 av 25. oktober 2012 om finansielle reglar for Den europeiske unions alminnelige budsjett og om oppheving av rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1605/2002 (TEU L 298 av 26.10.2012, s. 1).

- 22) Finansieringsordningar for breibandsnett skal ikkje vri konkurransen på urimeleg vis, fortrenge private investeringar eller svekkje investeringsinteressa hjå private investorar. Dei skal særleg vere i samsvar med artikkel 101, 102, 106 og 107 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen (TVEU), og, dersom det er relevant, med EU-retningslinjene for bruk av statsstøttereglar i samband med snøgg utbygging av breibandsnett.
- 23) Offentleg finansiering av breibandsnett skal berre nyttast på infrastrukturar som oppfyller krava i det gjeldande regelverket, særleg konkurranseregulering, og tilgangspliktene i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/19/EF⁽¹⁾.
- 24) Ettersom dei økonomiske midlane frå CEF er avgrensa, bør den finansielle støtta rettast mot innføring av finansieringsordningar på unionsplan med sikte på å auke investeringslysta og fremje ein mangfaldiggjerande verknad, slik at private og andre offentlege investeringsmidlar kan nyttast på ein effektiv måte. Dermed vil private føretak og offentlege institusjonar kunne medverke på eit nivå som ligg langt over det som er mogleg ved finansiering direkte frå CEF.
- 25) Ettersom dei økonomiske midlane frå CEF er avgrensa, og for å sikre tilstrekkeleg finansiering av infrastrukturar for digitale tenester, bør den samla budsjetttildelinga til breiband ikkje overstige det minstebeløpet som er naudsynt for å gjere innsatsen kostnadseffektiv, noko som bør fastsetjast ved ei førehandsvurdering der det mellom anna vert teke omsyn til kva type finansieringsordningar som kan vere aktuelle, den potensielle vektstongefferkten for den minste effektive prosjektporføljen som er mogleg, og marknadsvilkåra.
- 26) CEF-støtta til utbygging av breiband bør utfylle den støtta som vert ytt gjennom andre EU-program og -initiativ, medrekna dei europeiske struktur- og investeringsfonda, i dei høva der ei førehandsvurdering påviser marknadssvikt eller ugunstige investeringstilhøve, og der dette vert fastsett av forvaltingsstyresmaktene. Finansiell støtte frå CEF til breibandsutbygging bør utfylle innsatsen frå medlemsstatane, både direkte og ved å fungere som eit investeringsverktøy for frivillige, øymerkte bidrag frå andre kjelder, mellom anna dei europeiske struktur- og investeringsfonda, slik at medlemsstatane kan dra nytte av fagkunnskapen og stor-driftsføremonene ved ordningar som vert forvalta av Unionen, noko som gjer at offentlege midlar kan nyttast meir effektivt.
- 27) For å sikre best mogleg kostnadseffektivitet, og for å ta omsyn til at midlane er avgrensa, bør finansieringa frå CEF vere tilgjengeleg for prosjekt som nyttar den mest eigna teknologien for det spesifikke prosjektet, som kan stimulere til å utvikle nyskapande forretningsmodellar og som er enkle å reprodusere. Dersom eit prosjekt vert finansiert ved frivillige bidrag innanfor ramma av CEF, til dømes gjennom dei europeiske struktur- og investeringsfonda eller gjennom nasjonal eller regional finansiering, bør tildelingskriteria tilpassast og ta omsyn til den spesifikke situasjonen og dei spesifikke vilkåra som gjeld på dei områda der slik finansiering skal nyttast.
- 28) Unionen kan støtte utbygging av breibandsnett som medverkar til å nå måla i den digitale dagsorden for Europa på alle område. Det å redusere det digitale skiljet og auke den digitale deltakinga er viktige mål i den digitale dagsordenen for Europa. Alle tiltaka som Unionen gjer på breibandsområdet, bør difor ta omsyn til dei særskilde behova i forstader, landdistrikt og særleg i område med spreidd busetnad og i mindre utvikla område som treng nettilkopling. Dette omfattar utbygging av breibandsnett for å knyte øyar, innlandsområde, fjellområde, fjerntliggjande område og randområde, medrekna øymedlemsstatar, saman med dei sentrale områda i Unionen, og/eller tiltak som kan gjere tilkoplingane mellom slike område og sentrale område i Unionen meir stabile eller betre ytevna deira.
- 29) For å gjennomføre den digitale indre marknaden bør kompatibiliteten mellom CEF og nasjonale og regionale breibandstiltak fremjast.
- 30) I samband med gjennomføringa av denne forordninga bør alle former for finansiell støtte tilpassast dei aktuelle tiltaka. Når det gjeld infrastrukturar for digitale tenester, bør difor kjernetenesteplattformer som ikkje kan finansierast gjennom andre kjelder, prioriterast for finansiering i form av innkjøp, eller unntaksvis gjennom tilskot, medan allmenne tenester berre bør få avgrensa finansiell støtte frå CEF. I tillegg bør all finansiell støtte frå CEF sikre at midlane frå Unionen vert nytta på ein effektiv måte, og breibandsnett bør difor støttast gjennom finansieringsordningar, noko som sikrar ein betre vektstongefferkt enn tilskot.
- 31) Innsats i medhald av denne forordninga bør ha som føremål å oppnå synergi og samverknad mellom ulike prosjekt av felles interesse, slik det er gjort greie for i vedlegget, og med andre infrastrukturar, medrekna transport- og energiinfrastrukturar som vert støtta av CEF, relevante forskingsinfrastrukturar som vert støtta mellom anna gjennom Horisont 2020, og relevante infrastrukturar som vert støtta av dei europeiske struktur- og investeringsfonda, samstundes som dobbeltarbeid og unødig store administrative byrder bør unngåast.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/19/EF av 7. mars 2002 om tilgang til og samtrafikk mellom elektroniske kommunikasjonsnett og tilhørende ressurser (tilgangsdirektivet) (TEF L 108 av 24.4.2002, s. 7).

- 32) Finansiell støtte til prosjekt av felles interesse bør utfyllast med tverrgående tiltak, mellom anna fagleg støtte, tiltak for å stimulere etterspurnad og samordningstiltak, slik at innsatsen til Unionen skal kunne gje størst mogleg utbytte.
- 33) Når det vert sett av midlar til innsats for breibandsnett, bør Kommisjonen ta tilbørleg omsyn til resultatane av evalueringar av dei finansieringsordningane som alt finst i Unionen.
- 34) Kommisjonen bør få hjelp av ei ekspertgruppe som har representantar frå alle medlemsstatane, og denne gruppa bør rådspørjast og medverke til mellom anna å overvake gjennomføringa av denne forordninga og å planleggje, evaluere og handtere problem i samband med gjennomføringa.
- 35) Ekspertgruppa bør òg samarbeide med dei einingane som tek del i gjennomføringa av denne forordninga, til dømes lokale og regionale styresmakter, internettleverandørar, offentlege nettverksadministratorar og produsentar av delar, og dessutan med nasjonale reguleringsstyresmakter og Samanslutninga av europeiske reguleringsstyresmakter for elektronisk kommunikasjon (BEREC), som vart skipa ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1211/2009⁽¹⁾.
- 36) Forordning (EU) nr. 1316/2013 etablerer samordningsutvalet for CEF, som òg er eit utval slik det er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011⁽²⁾. Forordning (EU) nr. 1316/2013 gjev òg Kommisjonen fullmakt til å vedta årlege og fleirårige arbeidsprogram i samsvar med framgangsmåten med granskingsprosedyre, mellom anna i telekommunikasjonssektoren, som er omfatta av denne forordninga. I denne samanhengen er det viktig å presisere at i spørsmål som er knytte til denne forordninga, særleg utkast til årlege og fleirårige arbeidsprogram, bør medlemsstatane vere representerte i samordningsutvalet for CEF med sakkunne frå sektoren for telekommunikasjonsinfrastruktur.
- 37) Ettersom måla for denne forordninga ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, særleg ei samordna utvikling av dei transeuropeiske netta på området telekommunikasjonsinfrastruktur, og difor, på grunn av den tverrnasjonale karakteren til infrastrukturane som vert støtta, og verknaden deira på heile territoriet til Unionen, betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om

Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.

- 38) For å støtte prosjekt av felles interesse i sektorane for transport-, telekommunikasjons- og energiinfrastruktur er det i forordning (EU) nr. 1316/2013 fastsett vilkår, metodar og framgangsmåtar for finansiell støtte frå Unionen til transeuropeiske nett. Her vert det òg fastsett korleis dei ressursane som skal vere tilgjengelege i medhald av forordning (EU, Euratom) nr. 1311/2013, skal fordelast på alle dei tre sektorane. Forordning (EU) nr. 1316/2013 skal nyttast frå 1. januar 2014. Bruken av denne forordninga bør difor tilpassast bruken av forordning (EU) nr. 1316/2013 og forordning (EU, Euratom) nr. 1311/2013. Difor bør denne forordninga nyttast frå 1. januar 2014.
- 39) Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1336/97/EF⁽³⁾ bør opphevast —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål

1. Ved denne forordninga vert det fastsett retningslinjer for snøgg utbygging av og samverknad mellom prosjekt av felles interesse på området telekommunikasjonsinfrastruktur i transeuropeiske nett.
2. Denne forordninga inneheld særleg føresegner om
 - a) måla og dei driftsmessige prioriteringane for prosjekt av felles interesse,
 - b) identifisering av prosjekt av felles interesse,
 - c) kriteria som skal gjelde for at tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse, skal ha rett til finansiell støtte frå Unionen i samsvar med forordning (EU) nr. 1316/2013 i samband med utvikling, gjennomføring, utbygging, samankopling og samverknadsevne,
 - d) prioriteringar for finansiering av prosjekt av felles interesse.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1211/2009 av 25. november 2009 om opprettelse av Sammenslutningen av europeiske reguleringsmyndigheter for elektronisk kommunikasjon (BEREC) og Kontoret (TEU L 337 av 18.12.2009, s.1).

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011 av 16. februar 2011 om fastsettelse av allmenne regler og prinsipper for medlemsstatenes kontroll med Kommisjonens utøvelse av sin gjennomføringsmyndighet (TEU L 55 av 28.2.2011, s. 13).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1336/97/EF av 17. juni 1997 om et sett retningslinjer for transeuropeiske telenett (TEF L 183 av 11.7.1997, s. 12).

Artikkel 2

Definisjonar

1. I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i forordning (EU) nr. 1316/2013, nyttast.
2. I denne forordninga og i forordning (EU) nr. 1316/2013 tyder
 - a) «telekommunikasjonsinfrastruktur» breibandsnett og infrastrukturar for digitale tenester,
 - b) «infrastrukturar for digitale tenester» infrastrukturar som gjer det mogleg å levere nettverkstenester elektronisk, vanlegvis over internett, og å yte transeuropeiske samverkande tenester av felles interesse til borgarar, føretak og/eller offentlege styresmakter, og som er samansette av kjerne-tenesteplattformer og allmenne tenester,
 - c) «byggjeklossar» grunnleggjande infrastrukturar for digitale tenester som er viktige funksjonar for vidarebruk i meir samansette infrastrukturar for digitale tenester,
 - d) «kjerne-tenesteplattformer» sentrale knutepunkt i infrastrukturar for digitale tenester som har til føremål å sikre transeuropeisk tilkopling, tilgang og samverknadsevne, og som er opne for medlemsstatar og kan vere opne for andre einingar,
 - e) «allmenne tenester» tilknytningstenester som koplar ein eller fleire nasjonale infrastrukturar til ei eller fleire kjerne-tenesteplattformer,
 - f) «breibandsnett» kabelbaserte og trådlause aksessnett med tilhøyrande infrastruktur og basisnett som kan gje svært snøgg tilkopling,
 - g) «tverrgåande tiltak» undersøkingar og programstøttetiltak slik det er definert i høvesvis artikkel 2 nr. 6 og 7 i forordning (EU) nr. 1316/2013.

Artikkel 3

Mål

1. Prosjekta av felles interesse skal medverke til å nå dei allmenne måla som er fastsette i artikkel 3 i forordning (EU) nr. 1316/2013.
2. I tillegg til dei allmenne måla skal prosjekta av felles interesse medverke til å nå eitt eller fleire av dei følgjande særlege måla:
 - a) Økonomisk vekst og støtte til gjennomføringa av og verkemåten til den indre marknaden, for såleis å støtte konkurransevna i den europeiske økonomien, medrekna små og mellomstore føretak.
 - b) Betringar i dagleglivet for borgarar, føretak og offentlege styresmakter på alle plan ved å fremje breibandsnett og samankopling av og samverknadsevne mellom nasjonale, regionale og lokale breibandsnett, og dessutan ikkje-diskriminerande tilgang til slike nett og til digital deltaking.

3. Dei følgjande driftsmessige prioriteringane skal medverke til å nå dei måla som er nemnde i nr. 1 og 2:

- a) Samverknadsevne, tilkopling, berekraftig utbygging, drift og oppgradering av transeuropeiske infrastrukturar for digitale tenester, i tillegg til samordning på europeisk plan.
- b) Ein effektiv straum av private og offentlege investeringar for å fremje utbygging og modernisering av breibandsnett med sikte på å nå breibandsmåla i den digitale dagsordenen for Europa.

Artikkel 4

Prosjekt av felles interesse

1. Prosjekt av felles interesse skal særleg
 - a) ha som føremål å få i stand og/eller betre samverkande og, dersom det er mogleg, internasjonalt kompatible kjerne-tenesteplattformer, og allmenne tenester for infrastrukturar for digitale tenester,
 - b) leggje til rette for verksame investeringsverktøy for breibandsnett, tiltrekke nye grupper av investorar og initiativtakarar til prosjekt, og fremje reproduksjon av nyskapande prosjekt og forretningsmodellar.
2. Prosjekt av felles interesse kan omfatte heile prosjektsyklusen, medrekna føregranskingar, gjennomføring, kontinuerleg drift og oppgradering, samordning og evaluering.
3. Prosjekt av felles interesse kan støttast gjennom tverrgåande tiltak.
4. Vedlegget inneheld nærmare opplysningar om prosjekt av felles interesse og kva tiltak som kan fremje dei.

Artikkel 5

Former for innsats

1. Når det gjeld infrastrukturar for digitale tenester, er det først og fremst Unionen som skal innføre kjerne-tenesteplattformene, medan dei allmenne tenestene skal innførast av dei partane som koplar seg til ei kjerne-tenesteplattform. Investeringar i breibandsnett skal hovudsakleg kome frå den private sektoren og støttast gjennom konkurranse- og investeringsstimulerande rammereglar. Offentleg støtte til breibandsnett skal berre ytast dersom det ligg føre marknadssvikt eller ugunstige investeringstilhøve.
2. Medlemsstatar og andre einingar som har ansvar for eller medverkar til å gjennomføre prosjekt av felles interesse, skal oppmuntrast til å gjere dei tiltaka som er naudsynte for å lette gjennomføringa av slike prosjekt. Den endelege avgjerda om gjennomføringa av eit slikt prosjekt som gjeld territoriet til ein

medlemsstat, skal takast etter at den aktuelle medlemsstaten har gjeve samtykke til det.

3. Tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse og oppfyller dei kriteria som er fastsette i artikkel 6 i denne forordninga, har rett til finansiell støtte frå Unionen innanfor ramma av dei vilkåra og ordningane som er tilgjengelege i medhald av forordning (EU) nr. 1316/2013. Finansiell støtte skal gjevast i samsvar med dei gjeldande reglane og framgangsmåtane som er vedtekne av Unionen, dei prioriteringane for finansiering som er fastsette i artikkel 6 i denne forordninga, og ressurstilgangen, samstundes som det skal takast omsyn til dei særlege behova til støttemottakarane.

4. Tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse på området infrastruktur for digitale tenester, skal støttast gjennom

- a) offentlege innkjøp og/eller
- b) tilskot.

5. Tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse på området breibandsnett, skal støttast gjennom

- a) finansieringsordningar slik det er definert i forordning (EU) nr. 1316/2013, som skal vere opne for ytterlegare bidrag frå andre CEF-sektorar, og andre ordningar, program og budsjettpostar i EU-budsjettet, frå medlemsstatane, medrekna både regionale og lokale styresmakter, og frå andre investorar, medrekna private investorar i samsvar med artikkel 15 nr. 2 i forordning (EU) nr. 1316/2013, og/eller
- b) kombinasjonen av finansieringsordningar og tilskot frå andre offentlege kjelder enn CEF, anten det er offentlege kjelder i Unionen eller nasjonale kjelder.

6. Tverrgåande tiltak skal støttast gjennom

- a) offentlege innkjøp og/eller
- b) tilskot.

7. Den samla budsjettsummen som er sett av til finansieringsordningar for breibandsnett, skal ikkje overstige den minstesummen som er naudsynt for at innsatsen skal vere kostnadseffektiv, noko som skal fastsetjast på grunnlag av førehandsvurderingar slik det er nemnt i artikkel 14 nr. 1 i forordning (EU) nr. 1316/2013.

Summen skal utgjere 15 prosent av den finansielle ramma for telekommunikasjonssektoren som er nemnd i artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i forordning (EU) nr. 1316/2013.

8. Minst ein tredel av breibandsprosjekta som får finansiell støtte i medhald av denne forordninga, skal ta sikte på å ha ein breibandsfart på over 100 Mbps.

9. I følgje rapporten som er nemnd i artikkel 8 nr. 6, kan Europaparlamentet og Rådet, etter framlegg frå Kommisjonen,

revidere den summen som er fastsett i samsvar med nr. 7 i denne artikkelen, og den prosjektdelen som er nemnd i nr. 8 i denne artikkelen.

10. I tilfelle der støtta frå CEF utfyller støtta frå dei europeiske struktur- og investeringsfonda og andre ordningar for direkte offentleg støtte, kan synergieffekten mellom CEF-tiltak og støtta frå europeiske struktur- og investeringsfond styrkjast ved hjelp av eit føremålstenleg samordningssystem.

Artikkel 6

Tildelingskriterium og prioriteringar for finansiering

1. Tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse på området infrastruktur for digitale tenester, skal oppfylle alle dei følgjande kriteria for å kunne få finansiering:

- a) Dei skal vere tilstrekkeleg utvikla til at dei kan innførast, noko som skal vere stadfesta særleg gjennom vellukka pilotprosjekt innanfor ramma av program som til dømes EU-program for nyskaping og forskning.
- b) Dei skal medverke til ein politikk og innsats i Unionen som støttar den indre marknaden.
- c) Dei skal skape ein europeisk tilleggsverdi og ha ein strategi og ein plan for langsiktig berekraft, eventuelt gjennom andre finansieringskjelder enn CEF, der kvaliteten skal stadfestast ved ei vurdering av om prosjektet er mogleg å gjennomføre, og ved ein nytte- og kostnadsanalyse. Ein slik strategi skal ajourførast ved behov.
- d) Dei skal oppfylle internasjonale og/eller europeiske standardar eller opne spesifikasjonar og retningslinjer for samverknadsevne, til dømes den europeiske ramma for samverknadsevne, og bygge vidare på løysingar som alt finst.

2. Utveljinga av tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse på området infrastruktur for digitale tenester, og som skal finansierast gjennom CEF, og fastsetjinga av finansieringsnivået for desse tiltaka, skal gjerast som ein del av eit årleg arbeidsprogram slik det er nemnt i artikkel 17 nr. 1 i forordning (EU) nr. 1316/2013.

3. Byggjeklossar som er avgjerande for og har påviselege utsikter til å verte nytta til utvikling, utbygging og drift av andre infrastruktur for digitale tenester, og som er oppførte i del 1.1 i vedlegget, skal prioriterast høgast når det gjeld finansiering.

4. Deretter skal andre infrastruktur for digitale tenester til støtte for unionsretten, -politikken og -programma prioriterast, slik det er oppført i del 1.2 og 1.3 i vedlegget, og der det er mogleg, bygge på eksisterande byggjeklossar.

5. Støtte til kjernetenesteplattformer skal prioriterast høgare enn støtte til allmenne tenester.

6. På grunnlag av dei måla som er fastsette i artikkel 3 i denne forordninga, omtala av prosjekt av felles interesse i vedlegget til denne forordninga og, samstundes som det vert teke omsyn til det tilgjengelege budsjettet, dei årlege og fleirårige arbeidsprogramma som er nemnde i artikkel 17 i forordning (EU) nr. 1316/2013, kan det fastsetjast ytterlegare kriterium for tildeling og prioritering på området infrastrukturar for digitale tenester.

7. Tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse på området breibandsnett, skal oppfylle alle dei følgjande kriteria for å kunne få finansiering:

- a) Dei skal medverke i monaleg grad til å verkeleggjere måla for den digitale dagsordenen for Europa.
- b) Dei skal vere tilstrekkeleg langt framme i prosjektutviklings- og førebuingfasane, som skal støttast gjennom effektive gjennomføringssystem.
- c) Dei skal avhjelpe marknadssvikt eller ugunstige investeringsstilhøve.
- d) Dei skal ikkje føre til marknadsvriding eller fortrenge private investeringar.
- e) Dei skal nytte den teknologien som vert rekna for å vere den beste til å avhjelpe behova i det aktuelle geografiske området, både med tanke på geografiske, sosiale og økonomiske faktorar som byggjer på objektive kriterium, og i tråd med prinsippet om teknologisk nøytralitet.
- f) Dei skal nytte den teknologien som er best eigna for det spesifikke prosjektet, og samstundes syte for størst mogleg jamvekt mellom dei mest avanserte formene for teknologi med omsyn til dataoverføringskapasitet, overføringstryggleik, nettverksfeiltoleranse og kostnadseffektivitet.
- g) Dei skal lett kunne reproduserast, og/eller byggje på nyskapande forretningsmodellar.

8. Kriteria som er nemnde i bokstav g) i denne artikkelen, skal ikkje vere noko krav for prosjekt som er finansierte gjennom andre øyremerkte bidrag som vert ytte i samsvar med artikkel 15 nr. 2 i forordning (EU) nr. 1316/2013.

9. Tverrgåande tiltak skal oppfylle eitt av dei følgjande kriteria for å kunne få finansiering:

- a) Dei skal førebu eller støtte gjennomføringstiltak i samband med utbygging, styring og handtering av nye eller eksisterande gjennomføringsproblem.
- b) Dei skal skape ny etterspurnad etter infrastrukturar for digitale tenester.

Artikkel 7

Samarbeid med tredjestatar og internasjonale organisasjonar

1. Unionen kan inngå kontaktar, drøfte og utveksle informasjon og samarbeide med offentlege styresmakter eller andre organisasjonar i tredjestatar for å nå dei måla som er

fastsette i denne forordninga. Eitt av måla er at eit slikt samarbeid skal fremje samverknaden mellom nett på området telekommunikasjonsinfrastruktur i Unionen og liknande nett i tredjestatar.

2. EFTA-statar som er medlemmer av Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS), kan ta del i den CEF-sektoren som omfattar telekommunikasjonsinfrastrukturar, i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala.

3. Som eit unntak frå artikkel 8 nr. 3 og artikkel 9 nr. 4 i forordning (EU) nr. 1316/2013 kan tilmeldingsstatar og kandidatstatar som er omfatta av ein strategi for tidsrommet før tilmelding, ta del i den CEF-sektoren som omfattar telekommunikasjonsinfrastrukturar, i samsvar med avtaler som er inngådde med Unionen.

4. Når det gjeld deltaking for EFTA-statar, skal den CEF-sektoren som omfattar telekommunikasjonsinfrastrukturar, reknast som eit eige program.

Artikkel 8

Utveksling av opplysningar, overvaking og rapportering

1. På grunnlag av informasjon som er motteken i medhald av artikkel 22 tredje leddet i forordning (EU) nr. 1316/2013, skal medlemsstatane og Kommisjonen utveksle opplysningar og beste praksis om framdrifta i arbeidet med å gjennomføre denne forordninga. Dersom det er føremålstenleg, skal medlemsstatane trekkje inn lokale og regionale styresmakter i prosessen. Kommisjonen skal offentliggjere ei årleg oversikt over desse opplysningane og sende dei over til Europaparlamentet og Rådet.

2. Kommisjonen skal rådføre seg med og få hjelp av ei ekspertgruppe som er samansett av éin representant frå kvar medlemsstat. Ekspertgruppa skal særleg hjelpe Kommisjonen med å

- a) overvake gjennomføringa av denne forordninga,
- b) ta omsyn til eventuelle nasjonale planar eller nasjonale strategiar,
- c) gjere tiltak for å evaluere gjennomføringa av arbeidsprogramma på eit økonomisk og teknisk plan,
- d) handtere nye eller eksisterande gjennomføringsproblem i samband med prosjekta,
- e) definere strategiske retningslinjer før utarbeidinga av dei årlege og fleirårige arbeidsprogramma som er nemnde i artikkel 17 i forordning (EU) nr. 1316/2013, særleg når det gjeld utveljing og oppheving av tiltak som fremjar prosjekt av felles interesse, fastsetjing av budsjettfordelinga og revisjon av dei nemnde arbeidsprogramma.

3. Ekspertgruppa kan òg vurdere eventuelle andre spørsmål i samband med utviklinga av transeuropeiske nett på området telekommunikasjonsinfrastruktur.

4. Kommisjonen skal gje ekspertgruppa melding om framdrifta i arbeidet med å gjennomføre dei årlege og fleirårige arbeidsprogramma som er nemnde i artikkel 17 i forordning (EU) nr. 1316/2013.

5. Ekspertgruppa skal samarbeide med einingar som arbeider med planlegging, utvikling og forvaltning av digitale nett og tenester, og med andre relevante partar.

Kommisjonen og andre einingar som har ansvar for gjennomføringa av denne forordninga, til dømes Den europeiske investeringsbanken, skal leggje særleg vekt på observasjonane til ekspertgruppa.

6. I samband med ei førebels evaluering og etterevaluering av forordning (EU) nr. 1316/2013, slik det er nemnt i artikkel 27 i forordninga, og med hjelp frå ekspertgruppa, skal Kommisjonen offentleggjere ein rapport om framdrifta i arbeidet med å gjennomføre denne forordninga. Rapporten skal sendast over til Europaparlamentet og Rådet.

7. Rapporten skal innehalde ei evaluering av framdrifta i arbeidet med å utvikle og gjennomføre prosjekt av felles interesse, medrekna eventuelle forseinkingar i gjennomføringa og andre vanskar, i tillegg til opplysningar om plikter og betalningar.

8. I rapporten skal Kommisjonen òg vurdere om verkeområdet for prosjekta av felles interesse framleis speglar den teknologiske utviklinga og nyskapinga, regelverks- og marknadsutviklinga og den økonomiske utviklinga, og om finansieringa av desse prosjekta bør avviklast eller kome frå andre kjelder, sett i høve til utviklinga og behovet for langsiktig berekraft.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg 11. mars 2014.

For Europaparlamentet

M. SCHULZ

President

For prosjekt som er venta å ha store verknader på miljøet, skal desse rapportane innehalde ein miljøkonsekvensanalyse som, der det er føremålstenleg, tek omsyn til behovet for tilpassing til og avgrensing av klimaendringar og motstandsevne i katastrofesituasjonar. Ei slik evaluering kan òg gjerast på eit anna føremålstenleg tidspunkt.

9. Verkeleggjeringa av dei særlege måla som er fastsette i artikkel 3, skal målast i etterkant, mellom anna på grunnlag av

- a) tilgangen til infrastrukturar for digitale tenester, målt ut frå talet på medlemsstatar som er tilslutta kvar av infrastrukturane for digitale tenester,
- b) prosentdelen av borgarar og føretak som nyttar infrastrukturar for digitale tenester, og tilgangen til slike tenester over landegrensene,
- c) omfanget av investeringar på breibandsområdet og vektstongeffekten for prosjekt som vert finansierte gjennom bidrag frå offentlege kjelder slik det er nemnt i artikkel 5 nr. 5 bokstav b).

Artikkel 9

Oppheving

Vedtak nr. 1336/97/EF vert oppheva.

Artikkel 10

Ikraftsetjing

Denne forordninga tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 2014.

For Rådet

D. KOURKOULAS

Formann

VEDLEGG

PROSJEKT AV FELLES INTERESSE

DEL 1. INFRASTRUKTURAR FOR DIGITALE TENESTER

Innsats på området infrastruktur for digitale tenester byggjer vanlegvis på ein struktur med to delar: kjernetenesteplattformer og allmenne tenester. Kjernetenesteplattforma er ein føresetnad for at det kan innførast ein infrastruktur for digitale tenester.

Kjernetenesteplattformene handterer samverknads- og tryggleiksbehova til prosjekt av felles interesse. Dei har som føremål å gjere det mogleg med digital samhandling mellom offentlege styresmakter og borgarar, mellom offentlege styresmakter og føretak og organisasjonar, eller mellom offentlege styresmakter i ulike medlemsstatar gjennom standardiserte, tverrnasjonale og brukarvennlege interaksjonsplattformer.

Infrastrukturar for digitale tenester som er samansette av byggjeklossar, skal prioriterast høgare enn andre infrastrukturar for digitale tenester, ettersom dei er ein føresetnad for dei sistnemnde. Dei allmenne tenestene syter for tilkopling til kjernetenesteplattformene og gjer det mogleg for nasjonale tilleggsverditenester å nytte desse plattformene. Dei utgjer eit bindeledd mellom nasjonale tenester og kjernetenesteplattformer, og gjev både offentlege styresmakter på nasjonalt plan og organisasjonar, føretak og/eller borgarar tilgang til kjernetenesteplattformer i samband med transaksjonane deira over landegrensene. Det må sikrast at tenestene og støtta til partane som tek del i transaksjonar over landegrensene, har god kvalitet. Dei må støtte og fremje bruken av kjernetenesteplattformer.

Det skal ikkje setjast søkjelys berre på bygging av infrastrukturar for digitale tenester og tilhøyrande tenester, men òg på korleis drifta av slike plattformer skal styrast.

Nye kjernetenesteplattformer skal hovudsakleg byggje på eksisterande plattformer og deira byggjeklossar, og/eller leggje til nye byggjeklossar dersom det er mogleg.

1. Dei byggjeklossane som det er fastsett at arbeidsprogramma skal omfatte, med atterhald for artikkel 6 nr. 1 og 3, er følgjande:
 - a) Elektronisk identifikasjon og autentisering: Tenester som gjer det mogleg med tverrnasjonal godkjenning og validering av e-identifikasjon og e-signatur.
 - b) Elektronisk dokumentlevering: Tenester for sikker og sporbar tverrnasjonal overføring av elektroniske dokument.
 - c) Automatisert omsetjing: Maskinomsetjingsmotorar og spesialiserte språkressursar, medrekna dei verktyøya og programmeringsgrensenitta som er naudsynte for å utføre felleseuropeiske digitale tenester i eit fleirspråkleg miljø.
 - d) Støtte til kritiske digitale infrastrukturar: Kommunikasjonskanalar og -plattformer som skal gje betre vernebuingskapasitet i heile Unionen, i tillegg til informasjonsdeling, samordning og reaksjonar mot digitale truslar.
 - e) Elektronisk fakturering: Tenester som gjer det mogleg med sikker elektronisk utveksling av fakturaer.
2. Innarbeidde infrastrukturar for digitale tenester med særleg rett til å få finansiering, ettersom dei medverkar til tenestelevering utan avbrot, med atterhald for artikkel 6 nr. 1:
 - a) Tilgang til digitale europeiske kulturarvressursar. Dette gjeld den kjernetenesteplattforma som byggjer på den eksisterande Europeana-portalen. Denne plattformen gjev eit tilgangspunkt til kulturarvinnhald i Europeana heilt ned til einskilde postar, eit sett med grensesnittspesifikasjonar for interaksjon med infrastrukturane (datasøking, nedlasting av data), støtte til tilpassing av metadata og innlegging av nytt innhald, og opplysningar om vilkåra for vidarebruk av innhald som er tilgjengeleg via infrastrukturane.
 - b) Tenesteinfrastruktur for sikrere internett. Dette gjeld plattformen for å skaffe, drifte og vedlikehalde felles datahandsamingsressursar, databasar, programvareverktøy og utveksling av beste praksis for sentra for sikrere internett (SIC) i medlemsstatane. Administrativ handtering av rapportert innhald på internett som omfattar seksuelt misbruk av barn, inngår òg, og det same gjeld samarbeid med politistyresmakter, mellom anna internasjonale organisasjonar som Interpol, og eventuelt metodar for å fjerne slikt innhald frå dei aktuelle nettstadene. Dette skal støttast gjennom felles databasar og felles programvaresystem. Sentra for sikrere internett (SIC) og deira aktuelle tenester, til dømes kontaktpunkt, tipslinjer, opplysningsarbeid og andre haldningsskapande tiltak, utgjer dei viktigaste delane av infrastrukturane for eit sikrere internett.

3. Andre infrastrukturar for digitale tenester med rett til å få finansiering, med atterhald for artikkel 6 nr. 1:
- a) Samverkande elektroniske innkjøpstenester over landegrensene. Dette gjeld ei rekkje tenester som kan nyttast av leverandørar av e-innkjøpstenester i offentleg og privat sektor, for å innføre plattformer for e-innkjøp over landegrensene. Denne infrastrukturen vil gjere det mogleg for alle selskap i Unionen å nytte framgangsmåtar for tildeling av kontraktar frå offentlege eller andre oppdragsgjevarar i ein av medlemsstatane, og omfattar verksemd som er knytt til elektroniske innkjøp, både før og etter tildeling av kontrakt, medrekna funksjonar som elektronisk innlevering av tilbod, virtuelle selskapsdokument, e-katalogar, e-bestillingar og e-fakturering.
 - b) Samverkande e-helsetenester over landegrensene. Dette gjeld ei plattform som gjer det mogleg med samhandling mellom borgarar/pasientar og ytarar av helsetenester, overføring av data mellom ulike institusjonar og ulike organisasjonar, eller kommunikasjon i likenett mellom borgarar/pasientar og/eller helsepersonell og institusjonar. Tenestene skal omfatte tverrnasjonal tilgang til elektroniske pasientjournalar og elektroniske resepttenester, i tillegg til teletenester for mellom anna fjernassistert helsehjelp og støtte i servicebustader.
 - c) Europeisk plattform for samankopling av europeiske føretaksregister. Dette gjeld ei plattform med ei rekkje sentrale verkøy og tenester som gjer det mogleg for føretaksregister i alle medlemsstatar å utveksle opplysningar om registrerte føretak og deira filialar, fusjonar og avviklingar. Plattformen skal òg gje brukarar ei søkjeteneste som dekkjer mange ulike språk og statar, med eit sentralt tilgangspunkt som kan nåast via e-justisportalen (eJustice).
 - d) Tilgang til opplysningar frå offentleg sektor for vidarebruk. Dette gjeld ei plattform som gjev eitt tilgangspunkt til fleirspråklege datasett (dvs. på dei offisielle språka i institusjonane til Unionen) som offentlege organ i Unionen tek hand om på europeisk, nasjonalt, regionalt og lokalt plan; spørje- og visualiseringsverkøy for datasett; forsikring om at dei tilgjengelege datasetta er tilstrekkeleg anonymiserte, lisensierte og eventuelt prisa for offentleggjering, vidareformidling og vidarebruk, og har eit revisjonsspor som viser dataopphav.

Elektroniske framgangsmåtar for etablering og drift av eit føretak i ein annan europeisk stat. Med denne tenesta kan all naudsynt administrativ handsaming utførast elektronisk på tvers av landegrensene gjennom sentrale felles kontaktpunkt. Denne tenesta er eit krav i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/123/EF⁽¹⁾.

- e) Samverkande nettenester over landegrensene. Dette gjeld plattformer som skal lette samverknaden og samarbeidet mellom medlemsstatane på område av felles interesse, særleg med sikte på å betre verkemåten til den indre marknaden, til dømes eJustice, som gjev borgarar, føretak, organisasjonar og aktørar i rettsvesenet tverrnasjonal nettilgang til rettsmiddel/rettsdokument og rettargang, tilgang til nettbasert tvisteløysing (NT) for at forbrukarar og forhandlarar skal kunne løyse tverrnasjonale tvistar på internett, og elektronisk utveksling av trygdeopplysningar (EESSI), som kan hjelpe trygdeorgan i Unionen med å utveksle opplysningar på ein snøggare og sikrere måte.

DEL 2. BREIBANDSNETT

1. Verkeområdet for tiltaka

Tiltak skal særleg omfatte ein eller fleire av dei følgjande komponentane:

- a) Utbygging av ein passiv fysisk infrastruktur, ein aktiv fysisk infrastruktur eller ein kombinasjon av desse, med tilhøyrande infrastrukturelement, medrekna tenester som er naudsynte for drift av ein slik infrastruktur.
- b) Tilhøyrande ressursar og tenester, til dømes leidningsnett i bygningar, antenner, tårn og andre hjelpekonstruksjonar, kanalar, rørleidningar, master, mannhøl og koplingsskåp.
- c) Dersom det er mogleg, skal potensielle synergieffektar frå utbygginga av breibandsnett utnyttast i andre forsyningsnett (til dømes energi, transport, vatn og avløp), særleg dei som er knytte til smart fordeling av elektrisitet.

2. Medverknad til å verkeleggjere måla for den digitale dagsordenen for Europa

Alle prosjekt som får finansiell støtte i medhald av denne delen, skal medverke vesentleg til å verkeleggjere måla for den digitale dagsordenen for Europa.

Tiltak som vert finansierte direkte av Unionen, skal

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/123/EF av 12. desember 2006 om tjenester i det indre marked (TEU L 376 av 27.12.2006, s. 36).

- a) byggje på kabelbasert eller trådløs teknologi som kan levere svært snøgge breibandstenester, og dermed dekkje etterspurnaden etter brukarprogram som krev stor bandbreidde,
- b) byggje på nyskapande forretningsmodellar og/eller tiltrekke nye kategoriar av initiativtakarar til prosjekt eller nye kategoriar av investorar, eller
- c) lett kunne reproduserast og dermed få større gjennomslag på marknaden på grunn av demonstrasjonseffekten som dei har,
- d) medverke til å avgrense det digitale skiljet der det er mogleg,
- e) oppfylle gjeldande regelverk, særleg konkurranseregelverket, og rette seg etter tilgangsplikten i samsvar med direktiv 2002/19/EF.

Tiltak som vert finansierte med ytterlegare øyremerkte bidrag som vert gjevne i samsvar med artikkel 15 nr. 2 i forordning (EU) nr. 1316/2013, skal tilføre marknaden nye og viktige ressursar når det gjeld tilgang til breibandstenester, -fart og -kapasitet. Prosjekt som tilbyr ein dataoverføringsfart på under 30 Mbps, bør på sikt syte for å auke overføringsfarten til minst 30 Mbps, og til 100 Mbps og høgare der det er mogleg.

3. Prosjektvurdering for fastsetjing av optimale finansieringsstrukturar

Gjennomføringa av tiltak skal byggje på ei heilskapleg prosjektvurdering. Ei slik prosjektvurdering skal mellom anna omfatte marknadsvilkår, medrekna opplysningar om eksisterande og/eller planlagd infrastruktur, lovfesta plikter for initiativtakarar til prosjekt og forretnings- og marknadsføringsstrategiar. Prosjektvurderinga skal særleg slå fast

- a) om programmet er naudsynt for å avhjelpe marknadssvikt eller ugunstige investeringstilhøve som ikkje kan løysast ved lovgjevingsmessige tiltak,
- b) at programmet ikkje fører til marknadsvriding eller fortrenging av private investeringar.

Desse kriteria skal først og fremst fastsetjast på grunnlag av det inntekspotensialet og risikonivået som er knytt til eit prosjekt, og kva slags geografisk område som er omfatta av tiltaket.

4. Finansieringskjelder

- a) Prosjekt av felles interesse på breibandsområdet skal finansierast gjennom finansieringsordningar. Budsjettet som er sett av til desse ordningane, skal vere tilstrekkeleg, men skal ikkje overstige den summen som er naudsynt for å etablere full driftsinnsats og for å oppnå eit minstenivå som gjer finansieringsordninga effektiv.
- b) Med atterhald for føresegnene i forordning (EU, Euratom) nr. 966/2012, forordning (EU) nr. 1316/2013 og alle relevante forordningar som gjeld europeiske struktur- og investeringsfond, kan finansieringsordningane som er nemnde i bokstav a), kombinerast med ytterlegare bidrag frå
 - i) andre sektorar i CEF,
 - ii) andre ordningar, program og budsjettpostar i EU-budsjettet,
 - iii) medlemsstatar, medrekna regionale og lokale styresmakter, som ønskjer å medverke med eigne midlar eller midlar som er tilgjengelege frå dei europeiske struktur- og investeringsfonda. Bidraga frå desse fonda er geografisk øyremerkte for å sikre at dei vert nytta i ein av dei medlemsstane eller regionane som yter eit bidrag,
 - iv) andre investorar, medrekna private investorar.
- c) Finansieringsordningane som er nemnde i bokstav a) og b), kan òg kombinerast med tilskot frå medlemsstatane, medrekna regionale og lokale styresmakter, som ønskjer å skyte til eigne midlar eller midlar som er tilgjengelege frå dei europeiske struktur- og investeringsfonda, såframt
 - i) det aktuelle tiltaket oppfyller alle finansieringskriteria i medhald av denne forordninga, og
 - ii) det er innhenta relevant godkjenning av statsstøtte.

DEL 3. TVERRGÅANDE TILTAK

Utbygginga av transeuropeiske nett på området telekommunikasjonsinfrastruktur som medverkar til å fjerne flaskehalsane i den digitale indre marknaden, skal følgjast opp med undersøkingar og programstøttetiltak. Desse tiltaka kan omfatte

- a) teknisk støtte for å utarbeide eller støtte gjennomføringstiltak i samband med utbygging og styring, og handtering av eksisterande eller nye gjennomføringsproblem, eller
- b) tiltak for å skape ny etterspurnad etter infrastruktur for digitale tenester.

Støtte frå Unionen i medhald av denne forordninga skal samordnast med støtta frå alle andre tilgjengelege kjelder, men utan overlappande infrastruktur og fortrenging av private investeringar.
